



# Kommunereform i Sunnfjord

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:  
Øystein Høyvik

Vår referanse:  
15/735-4-ØH-002

Dato:  
12.04.2015

## Kommunereform i Sunnfjord, referat frå møte 10.04.15

Leiar av styringsgruppa, Mathias Råheim, hadde meldt forfall. Nestleiar i SiS, Håkon Myrvang, leia møtet.

### Deltakarliste

Reprenterer	Namn	Funksjon
Flora kommune	Bengt Solheim-Olsen	Ordførar
	Terje Heggeheim	Rådmann
	Rolf Bjarne Sund	Plansjef
Førde kommune	Olve Grotle	Ordførar
	Ole John-Østenstad	Rådmann
	Lise Mari Haugen	Assisterande rådmann
Hyllestad kommune	Jan Olav Gjerde	Ordførar
	Bente Nesse	Rådmann
Askvoll kommune	Håkon Loftheim	Rådman
	Kristen Holt	Kommunalsjef
Naustdal kommune	Håkon Myrvang	Ordførar
	Øyvind Bang-Olsen	Rådmann
	Annlaug Kjelstad	Kommunalsjef
Fjaler kommune	Ola Hovland	Rådmann
	Kjersti Valvik	Leiar bistand/omsorg
Gloppen kommune	Ola Tarjei Kroken	Varaordførar
	Geir Liavåg Strand	Organisasjonssjef
Jølster kommune	Oddmund Klakegg	Ordførar
	Børge Tvedt	Rådmann
Gaular kommune	Helge Følid	Rådmann
Alle tilsette/ hovud-samanslutningar	Wenche Kvalvik	HTV Fagforbundet/LO
	Elin Enebakk	HTV Fagforbundet/LO
Solund kommune	Erik Askeland	Rådmann
Hafs regionråd	Per Arne Tveit	Sekretær
Sis regionråd	Trond Ueland	Sekretær
Kommunereform i Sunnfjord	Øystein Høyvik	Prosjektleiar
PwC	Jan Flølo	Ekstern konsulent
	Pål Sandal	Ekstern konsulent

### Utsendt dagsorden

Tidspunkt	Kva
11.00 – 11.10	Innleiing v/ Mathias Råheim og Øystein Høyvik
11.10 – 12.30	PwC informerer om førebelse funn og vurderingar (løypemelding) i høve delutgreiing 2 v/ Jan Flølo og Pål Sandal
12.30 – 12.50	Lunsj (kaffi og rundstykke i kurslokalet/fellesareal)
12.50 – 13.20	Intensjonsavtalar - gjennomgang/drøfting av prosessnotat (ligg vedlagt) utarbeidd av Oddvar Flæte og Jan Øhickers v/ Øystein Høyvik
13.20 – 13.30	Gjennomgang av møteplan, v/ Øystein Høyvik Eventuelt Avslutting v/ Mathias Råheim

På førehand utsendt dokument

- Prosessnotat utarbeidd av Oddvar Flæte og Jan Øhlckers.

## Innleiing

- Håkon Myrvang ynskta velkommen og gjekk gjennom dagsorden
- Øystein Høyvik informerte om
  - Formål med møtet
  - Vedteken framdriftsplan

## PwC – delutgreiing 2

- PwC gjorde greie for førebelse funn og vurderingar
- PwC vil i løpet av fredag 10.04.15 sende utkast til delrapport 2 til rådmennene for å få tilbakemelding i høve:
  1. *Eventuelle faktafeil om kommunen eller dei interkommunale samarbeida kommunen er inne i.*
  2. *Nye faktaopplysningar som bør inn om kommunen, t.d. bygder m.v. som vi bør finne reiseavstandar til*
  3. *Andre vurderingar eller formuleringar i rapporten som de ynskjer å kommentere*
 Frist for tilbakemelding: Måndag 13.04.15 kl 16.00
- Ferdigstilt rapport i høve delutgreiing 2 vil bli sendt til gruppene seinast 16.04.15.

## Intensjonsavtalar

- Øystein Høyvik gjekk gjennom kva utfordringsdokumentet seier om utfordringsavtalar
- 
- Bestemt i møtet:
  - Delutgreiing 2 frå PwC vil danne grunnlaget for forhandlingane om intensjonsavtalar
  - Det skal utarbeidast eitt sett med avtalar pr alternativ, og som skal omhandle politisk og administrativ styringsordning
  - Følgjande fire alternativ skal det forhandlast i høve:
    - 9 kommunar
    - SiS – 5 kommunar
    - «Liten» SiS – 4 kommunar
    - Hafs – 4 kommunar
 Dersom det blir mangel på tid mv må Hafs-alternativet vike (dvs finne andre tidspunkt)
  - Det skal etablerast forhandlingsutval med 3 personar frå kvar kommune, og kor ordførar og rådmann bør/må vere med. Når det gjeld tredje medlemmen av utvalet ser ein at kommunane kan ha behov for å velje ulikt. Kommunane må innan utgangen av onsdag 15.04.15 melde tilbake til prosjektleiar kven som skal delta i kommunen sitt forhandlingsutval. Det blir understreka at det er viktig at forhandlingsutvala så langt som råd stiller fulltalege i alle møta frå og med 17.04.15
  - Det skal etablerast sett med spelereglar. Første utkast til regelsett vil bli presentert av Øhlckers og Flæte i møte 17.04.15. Evt innspel knytt til reglande må sendast prosjektleiar innan onsdag 15.04.15. Forhandlingane skal ikkje byrje før det er semje om spelereglane.
  - Forhandlingsmøta skal som hovudregel vere opne
  - Dersom ein eller fleire av kommunane vil trekke seg ut av samanslåingsprosessen, vil gruppa halde fram med dei som ønskjer å gå vidare
  - Forhandlingsutvala bør når forhandlingane er slutført, gjere det klart for dei andre kommunane kva ein vil tilrå for sitt kommunestyre
  - Prosjektsekretariatet vil ha sekretærfunksjonen i forhandlingsmøta

**Nærare om innhald møte 17.04.15**

- PwC - gjennomgang av delutgreiing 2
- PwC - avklaringar/drøftingar i høve delutgreiing 1 og 3
- Intensjonsavtalar
  - Avklare spelereglar
  - Starte arbeidet
    - Kva vil vi oppnå med samanslåing?
    - Korleis skal dei kommunale tenestene bli betre?
    - Kva nye oppgåver bør ein hente frå fylkeskommune og stat?

**Møteplan**

Tidspunkt	Kva
17.04.15 kl 11.00 – 15.30	Møte for styrings-, prosjekt- og arbeidsgruppene <ul style="list-style-type: none"> <li>• PwC overleverer sluttrapport delutgreiing2</li> <li>• Avklaringar/drøftingar i høve delutgreiing 1 og 3</li> <li>• Avklare spelereglar for arbeidet med intensjonsavtalar</li> </ul>
29.04.15 kl 08.30 – 15.30	Møte for styrings- og prosjektgruppene <ul style="list-style-type: none"> <li>• Heildagsmøte knytt til intensjonsavtalar</li> </ul>
08.15.15 kl 08.30 – 15.30	Møte for styrings- og prosjektgruppene <ul style="list-style-type: none"> <li>• PwC informerer om førebelse funn og vurderingar (løypemelding) i høve delutgreiing 1 og 3</li> <li>• Vidare arbeid med innhaldet i intensjonsavtalane</li> </ul>
15.05.15 kl 08.30 – 15.30	Møte for styrings- og prosjektgruppene <ul style="list-style-type: none"> <li>• Heildagsmøte knytt til intensjonsavtalar</li> </ul>
22.05.15 kl 08.30 – 15.30	Felles formannskapsmøte
27.05.15 kl 08.30 – 15.30	Møte for styrings- og prosjektgruppene <ul style="list-style-type: none"> <li>• Heildagsmøte knytt til intensjonsavtalar</li> </ul>

**Eventuelt**

- Prosjektlear utarbeidar kort oppsummering om status pr i dag og som den enkelte kan vurdere å nytte i eige informasjonsarbeid
- Må ha jamleg fokus på informasjon i høve innbyggjarar mv

Med helsing

Øystein Høyvik  
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

**Vedlegg:**

- Fellespresentasjon

**Kopi til:**

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Samarbeidande kommunar